

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADAR OG UTTALER -  
PLANOPPSTART

<b>Plannamn</b>	Risøy hyttefelt
<b>Arealplan-ID</b>	1263-201604
<b>Saksnummer</b>	16/828
<b>Utarbeidd av</b>	Og Arkitekter
<b>Datert/Revidert</b>	24.05.2018

<b>Avsendar</b>	<b>Hovudpunkt i merknad / uttale</b>	<b>Forslagsstiller sin kommentar</b>
<b><u>For privat merknad:</u></b>		
Bent Risøy Risøyvegen 110 17.05.2017	Uttalar seg både som næringsdrivande og som privatperson. Gardsbruk 81/1-2 har rett til å dyrke fellesareala i hyttefeltet, og planen syner ei utviding av parkeringsplass og leikeplass inn i dette området. Parkeringsplassen kan utvidast mot sørvest i staden for søraust, leikearealet kan plasserast andre stader i området. Slik kan ein unngå beslag av svært verdifulle område for gardsdrifta.	<b>Tatt til følgje.</b> I planforslaget er leikeplassen no flytt nærmere parkeringsplassen slik at han tek mindre plass av de andre fellesområda som Risøy ynskjer å nytte til dyrking. Ein veg er òg flytt slik at han kan nyttast som tilkomst til utmarka for Risøy, samt nokre justeringar i gangvegane i området. Tiltakshavar har vorte samd med Risøy om denne løysinga.
<b><u>For hørningsinstans:</u></b>		
Fiskeridirektoratet (FD) 19.04.2017	Det er registrert eit gyteområde for torsk like nordvest for planområdet, som òg er registrert som fiskeområde i gytesesongen. FD vurderer at planframlegget ikkje vil kome i konflikt med fiskeriinteressene i området.	<b>Tatt til etterretning</b>
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) 28.04.2017	- NVE har ingen merknader til planarbeidet.	<b>Tatt til etterretning.</b>
Fylkesmannen i Hordaland (FMH) 05.05.2017	§ 4.1.3 syner til tiltak som kan førast opp utan innverknad på utrekning av BRA. FMH minner om at det ikkje er høve til å gjere unntak for fastsetjing av grad av utnytting. Planen må nytta eit alternativ for grad av utnytting heimla i forskrifta for å være gyldig.	<b>Tatt til følgje.</b> Føresegne er skrivne om, slik at dei ikkje kjem i strid med fastsetjing av grad av utnytting.
Bergen og omland havnevesen (BOH) 08.05.2017	BOH kan ikkje sjå at korkje eksisterande tiltak eller planlagde tiltak kjem i konflikt med dei omsyn dei skal ivareta, og har inga merknader.	<b>Tatt til etterretning</b>
Hordaland Fylkeskommune (HFK) 09.05.2017	HFK er positiv til planen si påverknad landskapsområdet Lurefjorden, men syner til Fylkesmannen si uttale om BRA i planen. HFK er positive til at planen sikrar arkitektur som er tilpassa landskapet.  HFK varsla om kulturhistorisk synfaring ved oppstart, men hadde	<b>Tatt til etterretning.</b>

	ikkje kapasitet til å gjennomføre ho. Etter vurdering av planen no, krev HFK at det vert gjennomført ei arkeologisk registrering i området før planarbeidet kan vidareførast.	
Statens vegvesen (SV) 15.05.2017	Ber om at del av § 3.2 som omtalar fartsgrenser på vegen Revatangene vert teke or planen, da fartsgrenser på vegar er heimla i vegtrafikklova og ikkje i reguleringsplanar. Same § som omtalar frisiktlinjer ber SV om vert endra frå «...leggast til rette.» til «...vere i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming.»	<b>Tatt til følgje.</b> § 3.2 vert teke or planen. Det er lagt til rekkefølgjekrav som frisikt i § 2.5.2.
Lindås kommune (Hordaland Fylkeskommune) 19.12.2017	Rapporten frå dei arkeologiske undersøkingane konkluderer med at det ikkje er gjort funn som kjem inn under § 4 i Kulturminnelova.	<b>Tatt til etterretning.</b>